

Geitas didaktikk

Vinjes retorisk-didaktiske skriftpraksis

Hallvard André Kjelen

Som lærar og lærarutdannar hentar eg i stadig større grad inspirasjon til undervisning i litterære tekstar. Meir grunnleggjande spørsmål om danning og kunnskap er òg handsama av andre enn fagpedagogar. Vinje er ein av dei forfattarane som har laga dei friskaste konkretiseringane. Journalisten, essayisten og lyrikaren Vinje inngjekk «alle» i eitt og same folkedanningsprosjekt. Han var «i all si verksemd som bokmann og bladmann folkeuppsedar», skreiv Olav Midttun (1927 s. 92). I artikkelserien om journalistikk som stod å lese i *Drammens Tidende* i 1851, der han legg fram sitt journalistiske program så å seie, skriv Vinje nettopp at *journalistikken* skal vere «en Lærer for Folk og Stat» (Vinje 1993a s. 56).

Men denne journalistiske stilen var lenge eit av ankepunktta mot Vinje. Han vingla og var inkonsekvent: Han var ein harlekin eller kameleon. Ein hovudstraum i resepsjonen har freista å

bortforklare desse sidene ved Vinjes tekstar, men Vinjes vrangside, det inkonsekvente, ironien, humoren og det karnevaleske, har sidan Jon Haarbergs avhandling *Vinje på vrangen* vorte grundig restituert. Dølen lét, som Haarberg skriv, «tvesynet bero på humanistisk danning» (Haarberg 1985 s. 162), og det er nettopp her, i tvisynet, humoren og ironien at ein kan finne Vinjes danningssyn i si mest tilgjengelege form. Det er klare samanhengar mellom retoriske strategiar eller litterær stil og det danningssidealet som ein kan spore i tekstane. Erik Østerud (1987) peiker på at Vinjes stil ikkje har noko med vingling eller inkonsekvens å gjere, men at stilen fungerer på same måte som Sokrates-figuren hos Platon og Søren Kierkegaards pseudonym, altså som verktøy for å frigjere tanken. Dei retoriske grepa Vinje brukar, er sånn sett didaktiske.¹ Skrifta fører tanken framover. Denne samanhengen mellom retorikk og didaktikk i Vinjes tekstar er tema for denne artikkelen.

Vinje, skulen og danninga. Eit lite riss

Allereie heilt i starten av karrieren som skribent, i 1847, publiserer Vinje ein journalistisk tekst som handlar om danning og didaktikk, meldinga av K. O. Knutzens «Christelige Fortællinger». Hartvig Hartvigsen skriv i ei hovudoppgåve at denne bokmeldinga «for en stor del [er] et pedagogisk programskrift» (Hartvigsen 1962 s. 3). Meldinga er òg ei frisk oppvising i ironi og satire. Vi ser allereie her Vinjes journalistiske grep ganske tydeleg.

Vinje *var* lærar. Han gjekk på lærarseminar både i Kviteseid og i Asker, han arbeidde som omgangsskulelærar og som lærar ved Mandals Borgerskole på 1840-talet (Vesaas 2001), og han deltok aktivt i aktuelle skulepolitiske debattar seinare. Mellom anna var han oppteken av spørsmålet om latinen sin stilling i den høgare skulen, som rundt midten av 1850-talet var eit stort

stridstema. Ja, med jamne mellomrom frå bokmeldinga i 1847, i korrespondentbrev i *Drammens Tidende*, i ulike talar, i *Dølen*, òg i dei siste større artiklane han skreiv («Vaar Politik» frå 1868 og «Schweigaard» frå 1870), kom altså Vinje inn på skulespørsmål (Hartvigsen 1962). Læraren som ideologisk figur har høg status i Vinjes tekstar, men ikkje alle faktiske lærarar når opp til Vinjes idealførestilling. I artikkelserien «Vaar Politik» som stod i *Dølen* vinteren 1868, heiter det til dømes at «[d]et er ikke Under, at her er aandelig Armod i vort vesle Land, naar dei faae Lærepostar – eg kallar alle Ombod so – verda burtgjevne til slike Folk» (Djupedal (utg.) 1970-73 s. 50). *Alle* ombod er med andre ord å forstå som *lærarar*, og dei skulle ideelt sett vere «Ljos for Foten og Lygte paa Stigen, kort vera Landsens Skolemeistrar i Ordets fulle aandelege Meining» (Djupedal (utg.) 1970-73 s 30). Men Vinje er altså her kritisk til at desse viktige lærarpostane er gjevne til folk som ein ikkje kan få ein «etande Tanke ut af [...] om du saa sleit og drog med gloande Tenger» (Djupedal (utg.) 1970-73 s. 50).

Vinjes posisjoneringar i det skulepolitiske landskapet var ikkje alltid det ein kan kalle progressive. Arne Bergsgård meiner at han i spørsmål om folkeskulen rett ut er å forstå som reaksjonær og som «omgangsskuleromantikar», og at han helst interesserte seg for den høgare skulen (Bergsgård 1940 s. 191). Vinjes grunngeving for sine omgangsskulepreferansar er likevel konsekvent nok: Omgangsskuleordninga gjev på grunn av sin eigenart større nærleik mellom det praktiske livet (familiane, gardsdrifta) og skulekunnskapen (Vinje 1993a s. 148; Midttun 1927 s. 93). Ein generell skepsis til skulen som institusjon og den institusjonaliserte kunnskapen og kunnskapsformidlinga er òg gjennomgåande i mykje av det Vinje skriv. Den praktiske og konkrete kunnskapen, og danninga som er tileigna gjennom praktisk arbeid, blir gjerne tillagt større verdi enn livsfjern teoretisk spekulasjon og bokleg lærdom. Jon Haarberg skriv at

den pedagogiske grunntanken [hos Vinje] forutsetter allerede i utgangspunktet at 'Folket' har den dannelsen som skal til, og at embedsstanden og intelligentsiaen på sin side trenger til mer folkelighet, jordnærhet og humor (Haarberg 1998 s. 462).

Men det er i alle fall ikkje eit komplett bilete Haarberg presenterer her. I «Dødens fyrste Ord» skriv Vinje at «liksom det var dei upplyste Menner, som gav os vor Frihet, soleids maa det og vera dei, som skulle gjeva os atter vort Maal. Aalmugamannen gaar som Barnet i den Vaxnes Fotfar (-spor)» (Vinje 1993a s. 230). I språkspørsmålet er det altså eliten som må stake ut kursen. Men oftare blir slike motsetnader destabiliserte og problematiserte i Vinje-tekstar.

Analyse og utval

Samanhengen mellom retorikk og didaktikk kan etter Aslaug Nyrnes (2002; 2007) vere av to typar, *strategisk* og *topologisk*. Retorikk kan vere eit verktøy i praktisk didaktisk arbeid ettersom retorikk er eit verktøy for intensjonelt språkbruk. Retorisk didaktikk er såleis formorientert, men «retorikken lever av at form og innhald ikkje kan skiljast» (Nyrnes 2007 s. 191). Ein didaktikk i retorikkens teikn opnar for «depersonifiserte spørremåtar» (ibid. s. 211) og inviterer til å undersøkje språk og form i undervisning og læring snarare enn relasjonar mellom menneske. Retorikken opnar såleis for ei anna tilnærming til undervisning enn den etablerte pedagogikken. Retorikkens topologiske dimensjon forklarar Nyrnes som «språkets allmenne rutenett», og topikk er læra om «kulturelle, sjølvsgatte seiemåtar [som] vi kan finne att i språket som stivna spørremåtar, som stivna argument» (ibid. s. 201). Den strategiske og den topologiske dimensjonen heng saman ettersom toposlæra er ein hovuddel av den strategiske

inventiofasen. Når ein skal finne ut kva ein skal seie, går ein nettopp med ein romleg metafor til ulike stader, altså *topoi*.

Vinjes litterære praksis handla ofte om å bryte ned dikotomiar til dømes gjennom karnevalistiske samanstillingar av menneske og dyr. Men Vinjes idear om danning eller pedagogikk lét seg ganske enkelt skissere nettopp ved hjelp av eit par verdiladde dikotomiar: indre – ytre, fleksibel – stivna. Desse dikotomiane er gjengangarar i ei rad Vinje-tekstar om ulike tema. Det fleksible, det rørlege og aldri avslutta kan vidare sjåast som ein av essayets hovudtopoi (Haas 1982; Time 1982).

Eit danna menneske har internalisert kunnskapane sine, har gjort eller viser i alle fall vilje til å gjere det framande til sitt eige, og er i stand til å møte faktiske problem i verda på ein fleksibel måte. Vinjes dannelsingsprosjekt og pedagogiske tenking kan såleis setjast i samanheng med tysk *Bildungsphilosophie* (Assmann 1993; Gadamer 2010). Vidare kan ein knyte Vinjes essayform til ei særleg form for kunnskap, nemleg den praktiske klokskapen, *fronesis*. «Essayets arbeid er fornuftig arbeid, og dets virke er sannhetsbærende. Men fornuften i essayet er en praktisk fornuft og sannheten en praktisk sannhet» (Aadland 1982 s. 227).

Vinjes idear om danning og kunnskap blir ofte presenterte i form av metaforar og i allegoriar, ikkje minst i det vi kan kalle *dyrefablar*. Menasjeriet er stort i Vinjes tekstar og omfattar særleg husdyr som geit, hest og gris, hanar, høns, men òg andre dyr. I tekstane hans er grisen, geita og hesten aldri *berre* dyr: Dei fungerer ofte som masker for menneskelege karaktertrekk. Vinjes metaforar og litterære stil var provoserande i samtida, og kan framleis virke nokså frisk. Som Georg Johannesen har peika på, gjev stilen ein framandgjeringsseffekt: «Vinje skreiv med stor Verfremdungseffekt i ein makeleg og den gongen makalaus latin, som vi kan kalla 'landsmål' og til og med 'ny-norsk'» (Johannesen 1987). Denne framandgjeringa, som altså er eigna til

provokasjon og underleg- eller framandgjeriing, er grunnleggjande *didaktiske* grep.

Vinje gjev ikkje noka heilskapleg framstilling av sitt dannelsingsyn nokon stad – ein finn det spreitt utover i ulike tekstar skrivne i ulike høve med ulike føremål og i ulike sjangrar. Vinjes tankar om dette er, som mellom andre Sigmund Skard (1938) og Arne Bergsgård (1940) viser, i utvikling over tid. Det er likevel slik at nokre grunnførestillingar om danning og kunnskap blir formidla i liknande retorikk gjennom heile forfattarskapen hans, frå dei tidlegaste tekstane frå 1840-talet og fram til dei siste tekstane frå 1870. I det følgjande hentar eg derfor fram tekstdøme som delvis blir tekne ut frå den originale samanhengen dei stod i. Ei viss kontekstualisering kan likevel vere naudsynt undervegs, men her får dei først og fremst stå som døme på Vinjes form, retoriske strategiar og forråd. Tekstdøma er i all hovudsak henta frå Vinjes artiklar i *Drammens Tidende* og frå *Dølen*.

Utdraga er valde ut frå to prinsipp. For det første har eg forsøkt å vise korleis det er mogleg å spore bestemte topoi og skrivemåtar *over tid* i forfattarskapen. For det andre har eg valt tekststader som tydeleg kan illustrere nokre bestemte retoriske og didaktiske strategiar. I Vinjes tekstkorpus finst mange andre moglege utdrag som kunne vore dregne fram og kommenterte i denne samanhengen, men plassomsynet set grenser.²

Første topos: Danninga er ikkje noko ytre

Indre – ytre-dikotomien kan gjenfinnast i nokre av dei tidlegaste Vinje-tekstane. Ein kan sjå han i ein artikkel om Myllarguten allereie i 1849:

De [nationale Bestræbelser] maa forbindes med Videnskabelighed, elles blive de eensidige, og ligesom en Videnskabelighed,

der ikke saaatsige staar paa fædrenelandsk Jordbund, aldrig kan sprede sine Straaler over det egentlige Folk, saaledes maa de nationale Bestræbelser, der ikke ville benytte sig av de vundne Erfaringer, lede til en Afslutten, der staaer i den skarpeste Modsætning til Nutidens Bevægelighed. [...] [U]den videnskabelig Udvikling er Geniet en usleben Diamant, og paatvungen Dannelse uden oprindelige Anlæg frembringer de meest jammerlige Figurer. (Vinje 1993a s. 25)

Det framande må gjerast heimleg, men det heimlege må òg komme i kontakt med det framande. Det nyttar likevel ikkje å tvinge danninga på folk; om ikkje der er «oprindelige Anlæg», blir resultatet uansett dårleg. Fleksibel – stivna-dikotomien er òg til stades i avsnittet i og med uttrykket «Nutidens Bevægelighet».

Dikotomiane indre – ytre og kjend–framand er gjengangarar i Vinje-tekstar om *språk*. Eit tidleg døme er omtalen av Asbjørnsens eventyrspåk i *Drammens Tidende* nr. 3 i 1852. Her brukar Vinje metaforikk knytt til musikk. Språket kan stemmast i ulike toneartar:

Vort Bogssprog er saa fornemt, at det ikke vel taalder folkelige Talemaader i sig. Nationale Udtryk og Vendinger se ud som jeg kan forestille mig en Baldame med Træsko. Sproget maa ligesom omstemmes i en anden Toneart, førend man kan anbringe Ord, hvori den nationale Musik klinger (Vinje 2018)

Asbjørnsen lukkast då, slik Vinje forstår det, i ei slik omstemming. Balldama med tresko er eit bilete som høver godt inn i Vinjes vidare metaforiske tilnærming til danningsspørsmålet. Det nyttar ikkje med fine klede utanpå. Dersom danninga ikkje er tilstrekkeleg internalisert, vil treskoen etter kvart stikke fram uansett. Bileta er typisk nok både visuelle (balldama med tresko) og auditive (den nasjonale musikken). Balldama-med-tresko-biletet

er omvendt av Vinjes karakteristikk av Wergelands tekst: «Han hengjer tidt den norske Kufta utanpaa den romerske Toga, og daa Togaen er sidare, so seer Ein ei raud Remse rund ikring hanga undan», men poenget er det same (Vinje 1993a s. 383).

Andre stader brukar Vinje eit anna bilete som illustrasjon til indre–ytre-dikotomien. I «Forslag om Oldnorsk som Fag i de lærde Skoler», eit framlegg til Stortinget som var prenta i *Christiania-Posten* i 1857, heiter det:

Den europæiske Kultur, som der tales saa meget om, rummes nok i vort eget Sprog, og rummes den ikke, saa er alligevel hvad der ligger udenfor, ikke vor egen, men en Kalk paa Væggen som snart falder af. Vi skulde jo netop som ethvert andet selvstændigt Folk give denne europæiske Kultur vort selvstændige Præg, og ligesom i denne Deamant slibe en ny Side der kaster sit Skjær med i Branden. (Vinje 1993a s. 213)

Kalkpuss-biletet er ifølgje Sigmund Skard lånt frå Heltberg, men fører òg tanken mot uttrykket «kvitkalka graver» i evangeliet etter Matteus kap. 23, vers 27. Der blir det nytta av Jesus om dei hyklerske farisearane. Den ytre danninga, den lånte kulturen, er å forstå som hykleri, medan ei eigentleg nasjonal danning må finne uttrykk i eit nasjonalt språk.

Lysbrytingsmetaforikken i det førre sitatet utviklar Vinje vidare i det kjende diktet «Nationalitet». Overføringsverdien til pedagogikken og didaktikken er kanskje ikkje så veldig stor her, men det ligg ein komprimert danningsteori her, nemleg at det *eigne* og det *framande*, i like stor grad som *teori* og *praktisk røynsle*, grunnleggjande sett er to sider av same sak, og at desse faktorane må spele på lag.

Lysbrytinga og kalken på veggen er no i og for seg nokså konvensjonelle *topoi*. Å bruke fordøyingmetaforikk om danning er

øg konvensjonelt og kan finnast hos forfattarar som Plutark, Quintilian, Montaigne og Holberg (Nyrnes 2002 s. 81). Vinje brukar ofte fordøyingsmetaforar om danning (til dømes i *Drammens Tidende* 6/1851³ og i omtalen av Wergeland i meldinga av Welhavens *En Digtsamling i Dølen* i 1859). Bileta kan bli særskilte konkrete i Vinjes penn, og dei har ein tendens til å vekse til større forteljingar. I artikkelen «Brandpoesi», som Haarberg gjev ei grundig lesing av i *Vinje på vrangen*, skriv Vinje om «Brandkritikken». Her er det, som fleire andre stader hos Vinje, «Philosophen» (Marcus Jacob Monrad) han vil til livs. Med kroppsleg metaforikk får den såkalla «dannelse», altså ueigentleg danning eller halvanning gjennomgå. Det følgjande tekstdømet har i mykje større grad enn dei føregåande døma ein stil som provoserer og som dermed har ein pedagogisk karakter:

Der er nokot i Medicinen, som heiter Dyspepsi, trur eg; og denne Sjuken har seg so, at Mennesket liksom usmeltat gjev ifraa seg det, som det tek in, so Du kann finna det alt atter, riktignok berre i halv naturleg Tilstand. Slikt finn Du i det, denne filosofiske Kritikerer skriver, eit romersk Potetesskal, eit græsk Fiskebein, eit jødisk Gryn, ein norsk Kjøtbite o. s. v. i det endelaase med Klumpar fraa Hegel og Gud veit alt. [...] Slike Folk tru altid, at det dei usmeltad bera i seg, er deires eget. Men det verdt det først under Smeltningen, naar det gjeng over til Blodet og afseter seg paa den naturlege Maaten (Vinje 1993b s. 217–218).

Med retorikkens omgrep kan ein seie at Monrad ikkje har kontroll på *copia*, altså sitt retoriske forråds-kammer. Han blandar element som ikkje høver saman, og manglar sans for *aptum* (det høvelege) (Nyrnes 2007 s. 201–204). Filosofen er ein dårleg retor, kort sagt, og følgjeleg ein slett lærar og filosof.

Tilsvarende metaforikk nyttar han i essayet «Om Stil» (*Dø-len* 1867). Vinje lagar her ei hierarkisk ordning av forskjellige stilar: «Du seer her Stilens Trappetige: først er Du Barn, so verdt Du Tater og so endeleg ein Mann» (Vinje 1993b s. 241). Denne tredelinga kan dessutan setjast i samband med til dømes Schillers eller Hegels historiesyn. Det svarar òg til Vinjes eige historie- og språksyn. Barnet, grekaren eller den norrøne bonden utmerkjer seg med sitt enkle og greie språk. Mannen, den vaksne, må i nokon grad finne tilbake til barnet, men han står på eit høgare nivå, av di han har meir kunnskap. Men «Tateren» er han som ikkje har internalisert, altså «meltad» kunnskapen sin. Lærdomen blir standande som noko ytre og uforløyst. Dermed er «Tateren» ufleksibel og stivna, og det han veit, kan ikkje bli nytta kreativt og produktivt, men berre «gulpast opp» igjen.

Liksom Tanken er endelaus, so er Spraaket; og den sama Sanning kan faa sit Uttryk paa likso endelaust mange Maatar, som alle kunna vera like gode og staa i Staden for kverandre. Var det ikki so, vilde vi verda sitjande inne med bein- og stein-gjegne Formler, som paa Slutten maatte drepa alt Tankeliv. «Men, eg kan ikki upgjeva Tankens Stringents», segjer Mønstertateren, naar han siter der fast med sine Klumpar og «Græske Fiskebein» i Halsen. (sst.)

Med uttrykket «stein-gjegne Formler» kjem vi over til neste nedslagspunkt.

Andre topos: Fleksibilitet og det å vere open for omskiftande tilhøve

Vinje er kjend for å ha skrive om eit kvasisosiologisk skilje mellom austnorsk og vestnorsk «upplysning». Det handlar vel strengt

teke ikkje så mykje om geografi som om ulike «temperament» og kunnskapstypar. På same måte som indre–ytre blir ein klart verdiladd dikotomi i Vinjes tekstar, er fleksibilitet og rigiditet eit motsetningspar som stadig dukkar opp. Først eit tidleg døme frå *Drammens Tidende* i 1852 som nettopp set fleksibilitet og rigiditet i samband med skule og undervisning:

Dog, vore organiserede Skoler klemmer de Unge ind i sin Jernsko; de ere Maskiner, som have dræbt flere Talenter, end de engelske Fabriker have gjort Krøblinger. Intet Under, at Universitetslærerne ikke blive gamle, og intet Under, at man finder saa megen Aandløshed blandt den talrige studerende Stand. Jeg har igrunden skeiet ud, men det er netop det jeg vil; jeg vil korrespondere; jeg vil løfte paa Hatten til de Tanker, som stryge forbi mig, ligesom jeg løfter paa den til Legemer, som jeg møder paa Østregade, det vil sige, naar jeg kjender dem; at gaa strunk og stiv, det gjør alene aandelige og legemlige Musketerer; de have begge kjendt Korporalstokken paa sin Ryg, og de ere begge skabte til at dræbe; den ene Legemet og den anden Aanden. (Vinje 2018, upag.)

Skulens og universitetets harde disiplinering av elevar og studentar blir her elegant sett opp mot metakommentaren i tekstsutnittet («Jeg har igrunden skeiet ut»). Spaserturen langs Østregade (no del av Karl Johans gate) som både kan forståast konkret og som ein metafor for ein slenrande (!) essayistisk stil, er altså eit døme på ein av Vinjes skriftstrategiar, ein metode vi vel kan kalle *dobbeleksponering*. Den essayistiske, fleksible og nærmast organisk flytande forma (utskeiinga, å løfte på hatten til tankane som «stryge forbi») som Vinje både brukar og samstundes kommenterer her, står i motsetnad til den rigiditeten og militære tilnærmingsmåten som finst til dømes i skuleverket og

ved universitetet. Ein essayistisk stil blir såleis presentert som ein alternativ pedagogikk.

Motsetnadene fleksibilitet og rigiditet blir etter kvart kledde i dyreham i Vinjes tekstar. Essayet «Panik» (1869) byrjar som ei tilsynelatande sakleg framstilling av det fysiologiske eller psykiske fenomenet panikk hos dyr og menneske. Om panikken til grisen skriv Vinje:

Rett som Grisen gjeng med vanleg Forstand, so skvett han up og gruffar og gryler, og so stend han still atter og gloor so skræmt, og so tverkastar han seg og tek til Sprangs. Det er ingen Annan, som ser nokonting stygt og fælt, og derfor maa du læ aat det stakkars upskræmde Ting. Men, han som ser Vinden, maa vel sjaa nokot utanfor den vanlege Tankeringen sin, og daa han ikke er raadsnar nok til at setja det i Samanheng med sit Tankeliv og tyda seg Aarsak og Virkning, so verdt han so braadgale, Augo staa so runde som Naglar i Skolten hans, og Øyro skvett att' og fram og han byster seg up frametter heile Ryggen. Det er fine Sansar i den Karen, og berre det brest av eit Grasstraa, høyrer nok han det; og naar han ikke kan rima dette ihop med sin vanlege «Livsanskuelse», so fær han den Vitkvekken, og verdt ein Galning, solenge det varer. (Vinje 1993b s. 364)

Dette kan nok takast for å vere ei skildring av panikk hos grisen. Den panikkslegne grisen er elles eit motiv i evangeliet etter Markus kap. 5. Der sender Jesus vonde ånder bort frå mannen Legion over i ein griseflokk. Griseflokken set utfor eit stup og druknar i Galileasjøen. I Vinje-utdraget må ein tolke grisen som ei skildring av konservative åndsmenneske som til dømes filosofen Marcus Monrad. Grisen er «han som ser Vinden». Dette er vel ein allusjon til Forkynnaren: «Den som aktar på vinden, får ikkje

så, den som kikkar på skyene, får ikkje hausta». (Fork 11,4, 2011). Vinje har andre stader kritisert filosofar for berre å vere opptekne av abstrakte omgrep, det vil seie «vind», og for lite opptekne av praksis. Grisen klarar ikkje å setje det som fell utanfor sin «Tankering» inn i ein samanheng. Det som han ikkje får til å rime «med sin vanlege 'Livsanskuelse'», er potensielt farleg. Signalorda her er særleg «Tankering», «Tankeliv», «Aarsak og Virkning» og «Livsanskuelse», altså ord som kan brukast for å karakterisere det ein «systemfilosof» driv med. Utdraget kan dermed lesast som ei allegorisk skildring med ironisk brodd og er nok eit godt døme på tekstleg tvisyn eller dobbeleksponering. Biletet av grisen blir så å seie lagt utanpå biletet av «filosofen». Om ein så lét forteljinga frå Markus og Forkynnaren-allusjonen klinge med i lesinga, gjev det teksten endå eit lag.

Ein annan mykje sitert omtale av grisen finn vi i talen «Paa Fesjaa» frå 1867. Der seier Vinje at grisen var han til stor hjelp då han skulle lese filosofi: «Det var den sama blinde Samanheng i Slutningsrekkja utan Syn for aandfulle Invendingar i Oversetningen» (Vinje 1993c s. 126).

I ein passasje i *Ferdaminni* skriv Vinje om fjellbuen som ironikar. Lærarar for dei som bur i fjellet er mellom andre reinen og geita. Spranga mellom geit, lærar og prest i utdraget er fornøyelege, og sikkert sær provoserande lesing for samtidas publikum. Spranga i teksten, påpeikinga av samanhengar mellom dyr og menneskelege eigenskapar og dobbeleksponeringane i teksten, gjev igjen ein underleggjeringseffekt som kan oppfattast som didaktisk.

[D]er er ingen som liver betre enn den velstandande Fjöllbu, so det med den Luft og det Vatn er inkje Under, at han kann verda frisk og sterk og fager; og klok maa han ogso verda, for det gjelder at bruka Ettertanken og finna Utveg paa ville Fjøllet,

naar der tidt er paa Livet; imindsto maa Villmannsvit og Dyreklokskap verda uppkveikt, um Boklærdomen ikki altid er so stor. Derfor sjaa me ogso, at slike Folk gjerne hava ein Skalk bak Øyra, for dei tru, at der snart kann koma ein Kastevind nedgjennom eit annat Skard, og at du kann standa fram paa ein Afgrunn, fyrr du veit Ord af. Reinen kjeikjer Halsen sin, kvilande Hornskogen sin paa Ryggen og vedrar med oppspilade Nasaborir; so skvetter han til Sida og seter afstad som Fuglen. Det er Gut, som ikki trur meir, enn han seer og vedrar, det. Og so all den Skalkeherming (Parodi) slike Folk maa læra af Gjeiti! So det vantar ikki på Lærarar, og det Lærarar som er mykit betre enn desse «Matprestarne» (Lægmannspredikanter) som dei på desse Kantarne (mest i Gudbrandsdalen) so raakande verda navngjevne. (Vinje 1993d s. 67–68)

Her møter vi altså heilt konkret geita som *lærer*. Og det geita kan lære bort, er altså «skalkeherming» eller parodi. Den parodiske etterlikninga er igjen å forstå som didaktisk ettersom parodien kan få fram nye sider ved ein «original» og setje originalen i vidare rørsle. Grisen i utdraget over er stivna inn i eit mønster og har ikkje evne til å omstille seg og forstå det nye, men blir skremd av det. Det at reinen ikkje trur meir enn det han ser og vêrar, vitnar om ei slags skeptisk haldning. Reinens (og fjellbuens) fleksibilitet illustrerer derfor òg ei moderne haldning. Denne evna til tilpassing er nettopp naudsynt i ei moderne verd der sanninga ikkje er ein fast eller fiksert storleik, men i stadig endring, av og til i kast («ein Kastevind nedgjennom eit annat Skard»). Vinjes ironi er rett nok ikkje lett å fiksere, for reinen her har trekk som kan likne på grisens panikk i tekstutdraget over. Geita som lærar finn vi òg i bladstykket i *Dølen* i april 1860 som nettopp har overskrifta «Gjeiti» (stykket der vi finn «Blåmann, Blåmann»): «Ja, her maa koma ei Tid, daa Foreldri finna, at dei

maa hava Gjeiter og helst Kidungar for sine Smaaborn til Leik og Lærdom» (Vinje 1993b s. 25).

I diktet «Lenda» (Vinje 1993e s. 223) om hesten Lenda frå Land er ulike dyrenaturar igjen gjenstand for refleksjon. Dette er eit dikt, men kan likevel sjangerbestemmast som ein fabel med ein poengtert moral. Her er det hesten som representerer det stive og «blinde». Lenda søker seg høgare og høgare opp i fjellet, går seg til slutt fast og har ikkje forstand til å snu. Geita er igjen representant for det fleksible. Om hesten heiter det: «Han gjenger seg fast, og han aldri kan snu. / Og Motgang hans Tanke ei mognar.» Geita derimot, «er liksom vittig og braadtenkt, / og aandfull, so tidt ho er 'inonsekvent', / og snur naar ho seer det er faafengt». Inkonsekvens har som sagt vore eit av dei store ankepunkta mot Vinjes journalistiske praksis. Det er òg ei kjend sak at dei mange geiteskildringane til Vinje langt på veg kan lesast som ein slags åndelege sjølvportrett (jf. Haarberg 2018 s. 12). *Inkonsekvens* blir her sjølvsagt tolka om til noko anna, nemleg fleksibilitet og evne til å vende om og snu dersom kartet ikkje stemmer med terrenget. I retorisk (og didaktisk) terminologi dreier det seg om å ha sans for kairos, altså forståing for kva som er rett handling i situasjonen ein står i.

Fleksibilitet er eit ideal for Vinje i mange andre spørsmål òg, ikkje minst når det handlar om språk – frasen «det stive Bogsprog» finn ein til dømes fleire stader i *Drammens tidende*. Eit slåande døme frå 5/1853:

Snakke om Følgerigtighed i Skrivemaaden! jo det skulde se vent ud, naar man skrev følgerigtigt: det vilde bare vera Tussar, som kunna læsa det, ikke at tale om, at det vilde være en Fornegtelse af al Sammenhæng i Udviklingen, der altid er en Ledkjæde. Man kan gaa mere eller mindre vidt i Brugen af nye Ord og Vendinger; det er alt; men noget vidt maa man gaa eller

ogsaa tie mut stille. Hvad er desuden mere usammenhængende end selv det stiveste Bogsprog? Det er Brokker af fremmede, danske, norske og svenske Ord, saa man kan blive rent fælen, naar man tænker paa det. (Vinje 2018)

Det tilsynelatande reine og følgjerette er altså alltid allereie ureint, samansett og usamanhengande. Sjølv det «stiveste Bogsprog» er berre overflatisk sett reint og følgjerett. Eit levande språk må vere fleksibelt og levande. Utdraget seier òg noko meir grunnleggjande om språket og om det å ytre seg. I det ein ytrar seg, sjølv i eit heimleg, stivt, bokspråk, går ein alltid òg inn i det framande. Kontrollen og «Følgeriktigheden» har altså ingen sjanse i eit språkleg rom som er fullt av internasjonalt kulturelt fellesgods. Med retoriske omgrep ser vi altså her eit medvit om forrådet (*copia*) og ein refleksjon over vanskane som er knytte til å kontrollere dette (Nyrrnes 2007).

I 1857 i etterskrift til forslaget om «Oldnorsk som Fag i de lærde Skoler» (1857) er språk igjen kopla til fleksibilitets-toposen.

Idet man taler om det Aandsudviklende, som ligger i at lære Grammatik - ved Grammatik mener man da den Latinske - har man neppe lagt Mærke til, at der er en Side ved Grammatiken i dette Ords vidtløftigere Forstand, som man af den latinske Grammatik [ikke] har nogen Tanke om, men som den, der kan Gammelnorsk, maa kjende, naar hans Øine ere aabnede, og det er den saakaldte Aflyd og Omlyd eller Ordenes indvortes Bevægelighed. Latinen fremtræder haard og stiv i Ordenes Legemer, saa at det blot er Endelserne, som bevæge sig, medens det Gammelnorske (og de øvrige ældre germaniske Søsterspråk) ere flydende heelt igjennem. (Vinje 1993a s. 216)

Vinje hevdar altså her at språka i sin eigenart er ulike med tanke på fleksibilitet. Avlyd og omlyd gjer kort sagt gamalnorsken meir fleksibel og flytande enn latinen, der ein berre varierer endingane, og ikkje rotvokalar. Gamalnorskens form korresponderer såleis betre med det som Vinje meiner er den skapande tankens form. Med utgangspunkt i den formaldanningsteorien som Vinje knyter an til her, vil derfor gamalnorsk vere nyttigare enn latin for utvikling av tanken.

Dobbeleksponering som litterær og pedagogisk verktøy

I *Ferdaminni* er skildringa av Nidarosdomen eit paradedøme på litterær dobbeleksponering. Domkyrkjearkitektur og språkarkitektur blir handsama i same setning og diskursen glid umerkeleg over frå det eine til det andre.

Domkyrkja seer ut som vaart gamle Tungemaal no. Her er atter Stubbar af det, og det som gode er. Men mykit er reint burte. Dei store Langveggirne standa snaude, og der finnst snart ikki eit uskadt Ord. (Vinje 1993d s. 121).

Dei store «Langveggirne» er veggene på skipet av domen som låg i ruinar då Vinje var i Trondheim i 1860, men desse veggane blir samstundes eit bilete på grunnleggjande element i språket. Likskapane mellom kyrkja og språket blir utbroderte endå meir:

Kver Stein er sprukken og Utkrotingar og Knipplingar og Krusar og Rosur ero anten utslegne eller skjekkete og skjeivde. [...] Endaa i dei finaste og lettaste Bogar, som enno standa atter, er der utfallne Stykki og Stubbar. «Personer» og «Casus» er anten burte eller ogso skjekkete og skjeivde paa. [...] so er der

bygde stygge Graasteinsmurar imillom, og Glugg fylde med rukutte Kampestein, og so er det kalkat og klint, og lagde grovhogne Bjelkar og skjeldtiljat (panelet) og tekt liksom meir til eit Naufesfos enn til eit Guds Hus. Det er mange af desse nyare Ord, som ero klinde inn i Maalet. (ibid. s. 122)

Utdraget her fungerer som ein slags utvida metafor. Samanstillinga gjer at lesaren blir tvungen til å halde ei forståing av språket og biletet av domen i medvitet samstundes. Det er eit underleggjerande, formalt og dermed òg eit *retorisk-didaktisk* grep som set tanken i rørsle. Dei saumlause vandringane frå det eine til det andre, bruken av omgrep som «Personer» og «Casus», som altså er grammatiske kategoriar, men òg kan referere til skulpturane i domkyrkja er med på å skape rørsle i teksten. Det same gjeld innslaget av norske dialektord («skjeldtiljat») og samanstillinga av høgt («Guds Hus») og lågt («Naufesfos»).

Vinje og didaktikken. Avsluttande merknader

Dei til dels enkle dikotomiane (ytre–indre, stivna–fleksibel) kan ikkje forståast som nokon sjølvstendig didaktisk teori, og Vinjes analysar er ikkje alltid særleg djupe. Det er når ein ser dette i lys av Vinjes praksis som forfattar og skribent at biletet blir meir interessant. Dei ulike retoriske strategiane vi finn i Vinje-tekstar, til dømes fabelen, allegorien, den karnevaleske blandinga av høgt og lågt, ironien, humoren, den essayistiske utskeiinga, tvisyn og fordobling, er det mogleg å sjå på som didaktiske grep. Kan vi kalle det dømme på *geitas didaktikk*? Gjennom skriftpraksis peiker Vinje så å seie mot ein alternativ didaktisk tankegang som ikkje er irrelevant for vår tid. Vinjes geitedidaktikk er mildt sagt idiosynkratisk: Det er ikkje så enkelt å etterlikne Vinjes litterære stil, og den direkte overføringsverdien til klasserom

og lærarutdanning er vel heller liten. Men i lærarutdanninga og i fagdidaktisk og pedagogisk diskurs kan eit større medvit om samanhengen mellom retorikk og språkleg form på den eine sida og danning, og kunnskap og kunnskapsutvikling på den andre sida vere verdt å streve etter. Det ville ikkje så mykje representere noko nytt som å revitalisere noko gammalt, nemleg ein retorisk danningstradisjon (Nytnes 2002; 2007).

Grisemaska Vinje skriv fram, høver godt som bilete på nokre tendensar i dagens skulepolitiske landskap, til dømes struktur-tvang, målstyring og overdriven rutinisering av undervisning som ein kan sjå som forsøk på å gjere resultata av skulen mest mogleg føreseielege. Det er plenty av «stein-gjegne Formler» og rigiditet i skulen, alt frå standardisert testing og vurderingsskjema til oppskrifter for korleis ein startar ein time. Vi talar altså om ulike praksisar av varierende verdi, gjerne forankra i New Public Management-tankegods og luftig skulepolitisk nytale. Ironikaren og skalken Vinje ville heilt sikkert funne mykje å ta tak i her. Med geite-Vinjes «inkonsekvens» og skalkherming og ein skriftleg praksis som underleggjer, desautomatiserer eller framandgjer og som set tanken i rørsle, er vi komne fram til Vinjes viktigaste bidrag til didaktikken.

Notar

- 1 Didaktikk er ofte definert som læra om undervisning. Her brukar eg didaktikkomgrepet i ei særleg tyding, nemleg om retoriske praksisar som har danning som målsetnad.
- 2 Den elektroniske vitskapelege utgåva av korrespondentbreva i *Drammens Tidende* (2018) har gjort det lettare å navigere og søkje i denne delen av forfattarskapen. Likeins gjev digitale utgåver på nb.no, så vel faksimileutgåva av *Dølen, Ferdaminni* og *Skrifter i samling*, gode søkjemoglegheiter. Her har eg særleg konsentrert meg om Vinje-tekstar som kan klassifiserast som essay eller journalistikk. Nokre av utdraga har eg nytta og kommentert i eit tidlegare arbeid (Kjelen 2001).
- 3 Man behøver blot at puge, og det er en Kjendsgjerning, som neppe kan undgaa Nogen, der har bevæget sig i forskellige Livsforholde, at man forholdsvis finder færre gode Ho' der blandt den studerende, end blandt de øvrige Stænder og navnlig blandt Bønderne. Dette maa skrive sig fra en forkert Studeremaade, hvorved det Sunde og Livsfriske bliver overdynget af en Masse ufordøiede og uensartede Kundskaber. Her er ikke Stedet til at undersøge Mangerne ved vort Underviisningssystem og navnlig ved det saakaldte lærde, — nok, det tør vel antages, at Mangelen paa journalistiske Kapaciteter væsentligen er at søge i Tidens Maade at studere paa.

Litteratur

- Bergsgård, A. (1940). *Aasmund Vinje. Norsk nasjonal konservatisme*. Oslo: H. Aschehoug & co.
- Djupedal, R. (utg.). (1970–73). *Aasmund Olavsson Vinje. Dølen. Eit Vikublad*. (Bd. III). Oslo: Noregs Boklag.
- Hartvigsen, H. (1962). *Vinjes pedagogiske idéer*. Oslo: Universitetet i Oslo (Hovudoppgåve).
- Haarberg, J. (1985). *Vinje på vrangen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haarberg, J. (1998). «Vinjes grunnstøt mot 'Classisisteten'» I:

- Johnsen E. B. og Eriksen, T. B. (red.). *Norsk litteraturhistorie: 1750–1920* (Bd. 1). (s. 457–467). Oslo: Universitetsforlaget.
- Haarberg, J. (2018). *Bukkesong*. Jon Haarberg og Nynorsk kultursentrum. Henta 20.04.2021 frå <https://docplayer.me/106883478-Bukkesong-jon-haarberg.html>.
- Haas, G. (1982) «Essayets særmerke og topoi». I: Grepstad, O. mfl. (red.). *Essayet i Norge. Fjorten riss av ein tradisjon*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Johannesen, G. (1987). «Vinje og Vinjeforskinga». *Edda*-Hefte, s. 84–85.
- Kjelen, H. (2001). *Antikken og det moderne i A. O. Vinjes forfatterskap*. (Hovudoppgåve). Trondheim: Norges teknisk- naturvitenskapelige universitet.
- Midttrun, O. (1927). «Vinje og skulespursmaal». I: Boyesen, E. og Wildhagen, F. Chr. (red.). *Tidskifte*. Oslo: Aschehoug.
- Nyrnes, A. (2002). *Det didaktiske rommet. Didaktisk topologi i Ludvig Holbergs Moralske Tanker*. Doktoravhandling. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Nyrnes, A. (2007). Retorisk pedagogikk. I: Nordhaug, O. mfl. *Retorikk, samtid og samfunn*. Oslo: forlag 1.
- Skard, S. (1938). *A. O. Vinje og antikken. Studier i norsk åndshistorie*. Oslo: Jacob Dybwad.
- Time, S. (1982). «Borgaren og Satyren – moment til eit bilete av Vinje som essayist i DØLEN». I: Grepstad, O. mfl. (red.). *Essayet i Norge. Fjorten riss av ein tradisjon*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Vesaas, O. (2001). *A. O. Vinje. Ein tankens hærman*. Oslo: Cappelen.
- Vinje, A.O. (1868a). «Vaar Politik» i Dølen 22. mars 1868 (Faksimileutgåve v. Reidar Djupedal).
- Vinje, A.O. (1868b). «Vaar Politik» i Dølen 26. april 1868 (Faksimileutgåve v. Reidar Djupedal).

- Vinje, A.O. (1993a). *Skrifter i Samling Band I. Bladstykke i Morgenbladet, Andhrimner, Drammens Tidende, Den Norske Tilskuer og Dølen*. Oslo: Samlaget.
- Vinje, A.O. (1993b). *Skrifter i Samling Band II. Bladstykke i Dølen II–VIII*. Oslo: Samlaget.
- Vinje, A.O. (1993c). *Skrifter i Samling Band III. Schweigaard, Talar, Bretland og Britarne*. Oslo: Samlaget.
- Vinje, A.O. (1993d). *Skrifter i Samling Band IV. Ferdaminni, Fjellstaven min, Elsk og Giftermaal*. Oslo: Samlaget.
- Vinje, A.O. (1993e). *Skrifter i Samling Band V. Einskilde dikt, Umsette dikt og vers, Storegut og Staale*. Oslo: Samlaget.
- Vinje, A.O. (2018). *Korrespondentbrev til Drammens Tidende 1851–1859*. Tekstkritisk utgåve ved Nina Marie Evensen og Jon Haarberg. Oslo: Det norske språk- og litteraturselskap.
- Østerud, E. (1987). «To rett og to vrang, Vinje gjennomstrikket». *Edda* 3, s. 253–266.
- Aadland, E. (1982). «Essayet som meta-essay. En omtale av Theodor W. Adorno: 'Essayet som form'». I: O. Grepstad, O. mfl. (red.). *Essayet i Norge. Fjorten riss av ein tradisjon*. Oslo: Det Norske Samlaget.